

## Skriv og meldingar:

- |   |  |
|---|--|
| 1. Marine botnkart – saksutgreiing og høyringsfråsegn (med frist 07.02.2017).<br>Det vert lagt opp til ein presentasjon av marine høgoppløyslege botnkart og nytten av desse i Møre og Romsdal under Vestlandsrådet sitt møte <u>11.05.17</u> . | Vedtak i AU 13.01.<br>Etter ønskje frå<br>AU 13.01.17. |
| 2. Vestlandsrådet sitt AU 13.01.17. Møtereferat.  | Sjå under.   |
| 3. Norsk formannskap i Nordisk ministerråd 2017.  | Sjå under.   |
| 4. Ny rapport om fylkeskommunane sitt internasjonale arbeid.  | Sjå under.   |
| 5. Rapportering frå faste utval per februar 2017.   | Sjå eige vedlegg.                                      |
| 6. Aktuelle saker til Vestlandsrådet sitt møte 11.05.2017.  | Sjå under.   |

## 1. Marine botnkart – høyringsfråsegn frå AU (høyringsfrist 07.02.17)

Saksutgreiing og AU si fråsegn frå møtet 13.01.2017 er ei orienteringssak for Vestlandsrådet no, sidan høyringsfristen er ute på møtetidspunktet for rådet (jf. høyringsfrist 07.02.17). Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU) handsama 13.01.2017 denne saka:

**Framlegg til lov om opptak og bruk av informasjon om skjermingsverdige objekt, militære anlegg og område og botnforhold.**

### Bakgrunn

Forsvarsdepartementet har sendt ut høyringsbrev med frist 07.02.17. Den nye lova skal avløyse «Midlertidig lov om beskyttelse av og kontroll med geografisk informasjon av hensyn til rikets sikkerhet». Framlegget inneber ei vidareføring av forbodet som kjem fram i lova, men med visse endringar.

I dag er forbodet i den midlertidige lova formulert som eit generelt forbod. Departementet ynskjer å avgrense forbodet si rekkevidde for å gje det sivile samfunnet betre tilgang til informasjon.

Det vert difor føreslege at berre informasjon som kan vere til skade for riket sin tryggleik, sjølvstende eller andre vitale nasjonale sikringsinteresser (om informasjonen vert kjend for uvedkommande), skal vere omfatta av forbodet. Departementet meiner at dette er ei betydeleg oppmjuking av forbodet, særleg når det gjeld informasjon om botntilhøve i sjø.

Høyringsnotatet rettar seg mest mot botnkartlegging, sjølv om lova som er på høyring også omfattar andre endringar i høve den midlertidige lova. Departementet skriv i sitt følgjebrev at det er forbodet knytt til informasjon om botntilhøve (djupnedata) høyringsinstansane tidlegare har vist særleg interesse for.

Det var semje i arbeidsgruppa som har bidrege til forslaget som er på høyring, at djupnedata framleis må vernast. Det var ikkje semje om dei føreslegne grensene for kva grad av detaljering som skal vere tillat.

Det er i praksis Forsvaret sine vurderingar av sikkerheita som syner rekkevidda til lovforslaget, medan andre aktørar i arbeidsgruppa ynskjer å frigje data med endå betre oppløysing. I dag gjeld forbodet berre djupnedata. I det nye framlegget vil ein også at batymetri (studiar av havbotn) og hardheitsdata også skal vere informasjon som skal vernast. Ein legg vidare opp til at informasjon om botntilhøve på djupne 30 m og grunnare vert ugradert. For informasjon frå sjøbotn djupare enn 30 m er det føreslege eit system med ulik gradering avhengig av kor høg oppløysing det er på dataa.

## Tidlegare innspel frå Vestlandsrådet og Vestlandssamarbeidet – Marin satsing (Vest Marin)

Vestlandsrådet har tidlegare (2014), gjennom sak i AU «Høyringsvar – Forslag til lov om iverksetting av straffeloven 2005 mv.» spela inn følgjande:

1. Vestlandsrådet ber regjeringa frigje tilgangen til høgoppløyslege djupedata ved ikraftsetting av Straffeloven 2005 mv., samtidig som at militære områder i og i tilknytning til sjø bør ha avgrensingar for offentlege innsyn.
2. Sidan det vil ta tid å opparbeide høgoppløyslege djupedata av kystsona ber Vestlandsrådet om at alle eksisterande ikkje-graderte datasett (ned til 50 m) vert tilrettelagt for bruk gjennom Norge Digitalt.

Vestlandssamarbeidet – marin satsing (VestMarin) gav i brev datert 02.05.13 til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet følgjande innspel til NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping:

- Det er viktig å få produsert og ope distribuert det lovlege 50m.-gridet
- Vidare enkel distribusjon av høgoppløyste multistråldata for fortøying og spesiell analyse med sikkerheitsklarering
- Vi anerkjenner vidare at det faktisk fortsatt er militære strategiske årsaker for å hemmeleghalde høg oppløysing enkelte stadar
- Produsere og distribuere et 5 meter grid i alle områder utan militær interesse.

I Meldingssak til Vestlandsrådet sitt møte 27.11.2014 (M-sak 8/14 Notat om Kyst-Mareano<sup>1</sup>) skriv fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik m.a. dette: «Mareano ikke kan realiseres uten samtidig å oppheve det militært sikkerhetsmessig begrunnede forbudet. Det kan argumenteres for at loven har et foreldet preg og at tiden er overmoden for å fjerne de sikkerhetsmessige bestemmelsene sett i lys av dataene sin samfunnsøkonomiske verdi. Videre kan en vise til en rekke land som har valgt å frigi detaljerte data.»

## Vurderingar

Berekraftig marin næringsutvikling står høgt på dagsorden til Vestlandsfylka. Kunnskap om kystnære sjøområde er sentralt for å realisere verdiskaping knytt til utvikling av oppdrettsnæringa, fiskeria, samferdsle, fornybar energi, marin forskning m.m. Vassflata er ei barriere som gjer det vanskeleg å observere landskap, naturtilhøve og ressursar under vatn.

Dei siste åra er det utvikla ny teknologi innan kartlegging og opparbeiding av brukarvenlege marine grunnkart som gjev oss ny kunnskap om marine botntilhøve. I dag har slike terreng-modellar i sjø ei lovleg oppløysing på 50x50 meter. Norges Geografiske Undersøkelser (NGU) og Kartverket får tilgang til data med høg oppløysing for å gjennomføre analyser og kartframstillingar. Det betyr at NGU sine temakart byggjer på den beste datakvaliteten, men at dei ikkje har høve til å vise dette. Det er viktig både for miljøet og for vidareutvikling av marine næringar at denne vert endra, slik at meir høgoppløyslege terrengmodellar kan takast i bruk.

---

<sup>1</sup> Kyst-Mareano var eit nasjonalt initiativ for kartlegging og opparbeiding av marine grunnkart for havbotnen langs Norskekysten.

Vestlandsrådet har ved ulike høve nytta høyringar for å gje til kjenne kor viktig det er med tilgang til kart med høgare oppløysing enn i dag. Det er difor viktig å også følgje dette opp gjennom denne høyringa, sjølv om tidsfristen er knapp.

For dei fleste brukarane av kystsona er det ein føremon om kart som vert presentert er så detaljert som mogleg. Dette vil gje mest att for den investeringa som samfunnet gjer ved å kartlegge havbotnen. I Møre og Romsdal har det i regi av NGU vore gjennomført ei opparbeiding av marine grunnkart i kommunane Sande, Herøy, Vanylven, Ulstein og Hareid.

I heile dette området har ein fått dispensasjon frå forbodet mot oppløysing på maksimum 50x50 m, slik at ein offentleg kan legge ut kart med svært god detaljeringsgrad. Dette vil vere til stor hjelp m.a. for kommunane i deira vidare planlegging av kystsona.

I Sogn og Fjordane gjennomfører NGU no ei opparbeiding av marine grunnkart med høgoppløyslege data i kommunane Florø, Bremanger, Vågsøy og Selje. Her har ein fått avslag på søknad om dispensasjon, slik at ein her berre kan offentleggjere grunnkart med låg oppløysing (50x50 m). Kva nytte desse dataa no vil ha for kommunane si planlegging av kystsona og for dei ulike næringsinteressene i kystområda, er uvisst.

## **Konklusjon/tilråding:**

**Vestlandsrådet sitt AU gjev følgjande uttale til føreliggjande framlegg til lov om opptak og bruk av informasjon om skjermingsverdige objekt, militære anlegg og område og botnforhold:**

*Vestlandsrådet er nøgde med at alle data for område grunnare enn 30 m. kan visast med botnkart med høg oppløysing.*

*Det er vidare vanskeleg å argumentere imot Forsvaret sine synspunkt på kvar grensa går for kva oppløysingsgrad på kart som må vernast mot offentleg innsyn. Forsvaret har sett dette som eit generelt forbod på oppløysing betre enn 25x25 m. Vestlandsrådet ber likevel om at botnkart med slik oppløysing får kategori «avgrensa». Då vil ein lettare kunne søkje dispensasjon frå hovudregelen i dei tilfelle Forsvaret finn at botninformasjon for visse område ikkje er i strid med nasjonale tryggleiksinteresser.*

*Dette vil også gje kommunar og næringsinteresser eit betre grunnlag for planlegging og bruk av arealet.*

*Vestlandsrådet vil peike på at det framleis er eit stort behov for ei multistrålekartlegging og opparbeiding av marine grunnkart for Norskekysten, slik Kyst-Mareano la opp til.*

*Vestlandsrådet seier seg lei for at dette arbeidet enno ikkje har starta opp med hjelp av statleg finansiering. I dag vert dette arbeidet finansiert m.a. av kommunar og fylkeskommunar, noko som ikkje er ei optimal løysing då denne type infrastruktur bør, og skal, vere eit statleg ansvar.*

**Sekretariatet/marin gruppe sende melding om vedtak til Forsvarsdepartementet 30.01.2017.**

## 2. Vestlandsrådet sitt AU 13.01.17. Møtereferat.

---

Dato: 13. januar 2017  
Møtestad/-form: Skype  
Forhandlingsutvala: Pål Kårbø, Solveig Ege Tengesdal, Jon Aasen, Jenny Følling (møteleiar)  
Andre til stades: Tore Eriksen, Ole I. Gjerald (referent/sekretær)

---

### Sakliste:

AU-sak 01/17	Protokoll frå Vestlandsrådsmøtet 10.11.16 i Molde.	Innstilling VR
AU-sak 02/17	Agenda og opplegg for Vestlandsrådsmøtet 28.02.17 i Bergen	Innstilling VR
AU-sak 03/17	Marine botnkart – høyringsfråsegn (høyringsfrist 07.02.17).	Vedtak
AU-sak 04/17	Marin strategi – årleg oppfølgingsarbeid (handlingsplan).	Ev. utsetjing
AU-sak 05/17	Møteplan for 2017 – fastsetjing av tidspunkt og møtestad.	Innstilling VR

Fylkesordføraren hadde på førehand sendt ut følgjande tre dokument til møtet:

1. Agenda og sakspapir for AU-møtet fredag 13.01.17.
2. Protokoll frå Vestlandsrådet sitt møte i Molde 10.11.16.
3. Førebels møteagenda til Vestlandsrådet sitt møte tysdag 28.02.17.

### **AU-sak 01/17: Protokoll frå Vestlandsrådet 10.11.16**

AU tilrår at møteprotokollen frå Vestlandsrådet 10.11.16 (Molde) vert godkjend i rådet 28.02.17 slik denne ligg føre frå fylkesrådmannen.

### **AU-sak 02/17: Agenda og opplegg for Vestlandsrådsmøtet 28.02.17**

Framlagd møteagenda til Vestlandsrådet 28.02.17 vart godkjend slik denne ligg føre i vedlegget, med følgjande presiseringar:

- a) Regjeringa sin havstrategi vert lagt fram våren 2017. Vestlandsrådet ønskjer ei orientering om arbeidet og strategien 28.02.17 dersom dei aktuelle departementa (OED, FD, ND) kan stille opp med ei slik orientering. Føremonen med at vi får ei orientering no, vil vere at Vestlandsrådet kan spele inn synspunkt og ev. påverke regjeringa sitt arbeid med å ferdigstille strategien.

Marin gruppe kontaktar aktuelle departement angående orienteringa, og held kontakt med sekretariatet om dette.

- b) Vestnorsk Filmkommisjon, ved styremedlem Kine Bratli Dale, har vore i kontakt med fylkesordførar Jenny Følling og formidla eit ønske om å få presentere VF for Vestlandsrådet. AU ønskjer ei slik orientering i Bergen 28.02.17.

Kulturgruppa og sekretariatet held kontakten angående konkret avtale med VF/Bratli Dale.

- c) Vestlandsrådet ønskjer ei orientering om utgreiingsarbeidet/analysen «Kompetanse i leverandørindustrien til havbruk» (IRIS Analyse).

Marin gruppe og sekretariatet held kontakten angående ei slik orientering i Bergen 28.02.17.

- d) Vestlandsrådet ønskjer ei orientering om prosjektet «Arbeidsinnvandring til Vestlandet», jf. AU-sak 13.09.16. Orienteringa bør koordinerast med ei orientering frå NAV Hordaland om status for arbeidsløysa/utfordringar i arbeidsmarknaden på Vestlandet.

Sekretariatet kontaktar aktuelle aktørar og utarbeider eit felles orienteringsopplegg om dei to aktuelle temaa til VR-møtet.

- e) Samferdslegruppa skal til møtet 28.02.17 førebu ei kort orientering om opplegget for eit frukostmøte i Oslo (april/mai) og vidare utarbeidinga av ein felles presentasjon for Stortinget sin transportkomité medio mai 2017.

Sekretariatet og samferdslegruppa sikrar at dette vert følgd opp.

## **AU-sak 03/17: Marine botnkart – høyringsfråsegn (frist 07.02.17).**

Saka «Marine botnkart – høyringsfråsegn (høyringsfrist 07.02.2017)» vart vedteken i AU slik ho låg føre frå fylkesrådmannen (jf. saksutgreiing/tilråding i vedlegget). Sekretariatet eller Marin gruppe sender AU/VR si fråsegn over til Forsvarsdepartementet i god tid innan høyringsfristen.

### **Vestlandsrådet sitt AU vedtok følgjande uttale til føreliggjande framlegg til lov om opptak og bruk av informasjon om skjermingsverdige objekt, militære anlegg og område og botnforhold:**

*Vestlandsrådet er nøgde med at alle data for område grunnare enn 30 m. kan visast med botnkart med høg oppløysing.*

*Det er vidare vanskeleg å argumentere imot Forsvaret sine synspunkt på kvar grensa går for kva oppløysingsgrad på kart som må vernast mot offentleg innsyn. Forsvaret har sett dette som eit generelt forbod på oppløysing betre enn 25x25 m. Vestlandsrådet ber likevel om at botnkart med slik oppløysing får kategori «avgrensa». Då vil ein lettare kunne søkje dispensasjon frå hovudregelen i dei tilfelle Forsvaret finn at botninformatjon for visse område ikkje er i strid med nasjonale tryggleiksinteresser.*

*Dette vil også gje kommunar og næringsinteresser eit betre grunnlag for planlegging og bruk av arealet.*

*Vestlandsrådet vil peike på at det framleis er eit stort behov for ei multistrålekartlegging og opparbeiding av marine grunnkart for Norskekysten, slik Kyst-Mareano la opp til.*

*Vestlandsrådet seier seg lei for at dette arbeidet enno ikkje har starta opp med hjelp av statleg finansiering. I dag vert dette arbeidet finansiert m.a. av kommunar og fylkeskommunar, noko som ikkje er ei optimal løysing då denne type infrastruktur bør, og skal, vere eit statleg ansvar.*

Møre og Romsdal fylkeskommune kan elles leggje fram ei kortfatta orientering om deira arbeid knytt til høgoppløyselige botnkart i VR-møtet 28.02. ev. 11.05. Møre og Romsdal har sær positive erfaringar her. Marin gruppe og sekretariatet vurderer dette nærare i høve resten av møteprogrammet 28.02.

## **AU-sak 04/17: Marin strategi – årleg oppfølgingsarbeid (handlingsplan).**

AU konkluderte i møtet 13.01.2017 med at denne saka bør utsetjast til VR-møtet 11.05.2017, etter tilråding frå marin gruppe. Sekretariatet har drøfta dette med marin gruppe, og orienterte om saka i AU.

*Marin strategi – årleg oppfølgingsarbeid (marin handlingsplan) vert sett opp som sak til Vestlandsrådet torsdag 11. mai 2017, i tråd med fylkesrådmannen si tilråding. Arbeidet bør likevel startast opp no.*

## AU-sak 05/17: Møteplan for 2017

AU konkluderte i møtet 13.01.2017 med å leggje fram følgjande møteplan for Vestlandsrådet:

28.02.2017	Clarion Hotel Bergen Airport, Bergen	Framlegg til møtestad.
11.05.2017	Kviknes Hotel, Balestrand	Framlegg til møtetidspunkt og møtestad.
25.10.2017	Sola Strand Hotel, Sola	Framlegg til møtetidspunkt og møtestad.

Merknad/presisering:

Når det gjeld Vestlandsrådet sitt møte 11.05.17 ved Kviknes Hotel i Balestrand, vert det lagt opp til ei orientering med praktiske avklaringar (flytider, transport m.m.) under VR-møtet 28.02.17.

## 3. Norsk formannskap i Nordisk ministerråd 2017

Noreg har formannskapet for Nordisk ministerråd i 2017. Det norske formannskapet har fokus på Norden i omstilling, Norden i Europa og Norden i verda:

- Norden i omstilling:  
Vi skal fremje den nordiske konkurranseevna, den grønne omstillinga, overgangen til eit lågutsleppssamfunn, integrering og helsesamarbeidet.
- Norden i Europa:  
Vi skal arbeide for å styrke vårt samarbeid om europeisk politikk. Ei sterk nordisk røyst i den europeiske debatten gagnar både Europa og Norden.
- Norden i verda:  
Vi skal vidareutvikle den nordiske strategiske partnerskapen på det utanrikspolitiske området.

Noreg har også fokus på synergieffektar mellom det nordiske og det nordisk-baltiske samarbeidet.

Meir informasjon om programmet:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/ebb8a6dba60d49149b1c71afca704d38/norgesformannskapsprogrammr2017\\_no.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/ebb8a6dba60d49149b1c71afca704d38/norgesformannskapsprogrammr2017_no.pdf)

## 4. Ny rapport om fylkeskommunane sitt internasjonale arbeid

Rapporten er utarbeidd av Utanriksdepartementet i samarbeid med alle landets fylkeskommunar og fylkeskommunane sine internasjonale koordinatorar. Vidare har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og Senter for internasjonalisering av utdanning gjeve viktige bidrag. Rapporten inngår i Utanriksdepartementet sitt samarbeid med Kunnskapsdepartementet om regional mobilisering av offentleg sektor til Horisont 2020.

Nokre kjenneteikn ved vellukka europeiske prosjekt er:

- Solid forankring i leiinga sine prioriteringar.
- Målretta og konkret arbeid som ein integrert del av fylket si oppgåveløysing og ein langsiktig strategi.
- Fylket har eit nettverk for å drøfte aktuelle initiativ og prosjekt.
- Deltaking i europeiske paraplyorganisasjonar gjev innverknad og mulegheiter for påverknad.

Dette vert følgt opp med 18 konkrete forslag til vidare oppfølging.

Tilrådingane vil no bli følgde opp med fylkeskommunane i tett dialog med sentrale aktørar som departementa, KS, Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og Senter for internasjonalisering av utdanning samt dei norske regionkontora i Brussel.

Rapporten om fylkeskommunane sitt europeiske arbeid inngår også som ledd i førebuingane til neste møte i Europapolitisk forum for sentrale, regionale og lokale styresmakter samt til Sametinget, 14. – 15. mars 2017 i Brussel.

Rapporten kan lesast her:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/ud/vedlegg/europapolitikk/sluttrapport\\_europapolitisk\\_arbeid.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/ud/vedlegg/europapolitikk/sluttrapport_europapolitisk_arbeid.pdf)

## 5. Rapportering frå faste utval per februar 2017

Rapportering frå faste utval ligg ved som eige notat. Sjå vedlegg 3.

## 6. Aktuelle saker til Vestlandsrådet sitt møte 11.05.17

AU konkluderte i møtet 13.01.17 med at følgjande saker vert arbeidd med fram mot, og lagt fram for, Vestlandsrådet 11.05.17:

1. Marin strategi – årleg oppfølgingsarbeid (handlingsplan). Marin gruppe.
2. Rammevilkår for drift/fornyng av ferjeflåten. Samferdslegruppa.  
*«Vestlandsrådet etablerer ein prosess mot Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet i høve den generelle modellen for finansiering av ferjedrifta. Her skal også KS involverast gjennom konsultasjonsordninga.»* Jf. VR 10.11.2016.

Saka må følgjast opp av samferdslegruppa i Vestlandsrådet i 2017. Vestlandsrådet bør få inn ei orienteringssak om korleis oppfølginga i praksis vert, seinast i møtet 11.05.17. Det bør gjerne vurderast i VR alt 28.02.17 om det bør setjast av midlar til arbeidet med NTP og ferjer.

Fylkesrådmannen legg i tillegg opp til at følgjande saker vert arbeidd med fram mot, og lagt fram for, Vestlandsrådet 11.05.17:

3. Cruisestrategi for Vestlandet (handlingsplan). Næringssjefkollegiet
4. Notat om status for samarbeidet med Kina. Internasjonal gruppe.
5. Erfaringar med høgoppløyslege botnkart i Møre og Romsdal. Notat og presentasjon i møtet 11.05. frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Jarl Martin Møller i Herøy kommune. Marin gruppe.